

## Informasjon

### Plikt til å separere avlaupsleidningar

Når kommunen legg om sine leidningar frå felles overvatn- og avlaupsleidning til separate leidningar, blir eigedomar i same område pålagt å gjennomføre tilsvarande omlegging for sine private leidningar.

Kommunen sitt høve til å kreve at eigar separerer sin avlaupsledning, går fram av forureiningslova § 22 andre ledd.




#### Meland kommune

Besøksadresse: Havnevegen 41, 5918 Frekhaug

Postadresse: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Tlf: 56171000

postmottak@meland.kommune.no



Illustrasjon: Geir Moen

Med felles leidning for overvatn og avlaupsvatn, går alt vatnet til næraste reinseanlegg. Etter ei separering, kan regn- og smeltevatnet i overvassledningane først direkte ut i næraste bekk eller sjø. Dette avlaster det kommunale reinseanlegget og reduserer driftskostnadene.



*Nytt overvassrør til Salhusfjorden*

### **Arbeidet med å separere ledningene**

For å redusere kostnadene du får med dette, anbefaler vi deg å utføre arbeidet samtidig med kommunen sitt anleggsarbeid. Du kan avtale med entreprenøren som separerer den kommunale hovedledningen, at vedkommende skal utføre arbeid på din ledning. Det er Nortrans Veg og Anlegg AS som er entreprenør og Skarsvåg rør og interiør AS som er røyrleggjar på kommunen sitt anlegg.

Innanfor anleggsområde til den kommunale ledningen er det berre kommunen sin entreprenør som kan utføre arbeid.

Dersom du har ein gammal vassledning i same grøft, kan det vere gunstig å skifte denne samtidig.

Dersom ledningene kjem til å berøre naboeigedomar, må du få løyve frå eigaren, før arbeidet setjast i gang. Rett til å ha ledningar liggande på naboen sin grunn skal tinglysast hos Kartverket.

### **Søknad**

Meland kommune har bestemt at det er unntak for søknadsplikt etter plan- og bygningslova § 20-5 bokstav g, under føresetnad av at arbeidet vert gjort av godkjent føretak. Når arbeidet er gjennomført må du sende tilbakemelding om utført arbeid. Dette er eit skjema som du vil få tilsendt saman med pålegget om separering.

### **Kostnader**

Som huseigar er det ditt ansvar å koste separering av dine ledningar når kommunen legg om sine.

### **Tilskotsordning**

Meland kommunestyre har vedteke «Reglar for tilskot til separering av private stikkledningar i Grønlandsområdet» i kommunestyret 16.12.15. Det er vedteke at det blir gjeve ein tilskotssats på mellom 25 % og 50 % av dokumenterte kostnader. Reglane ligg som eige vedlegg.

### **Handtere takvatn på eigen tomt**

På nokre eigedomer vil det vere svært krevjande å leggje nye ledningar for takvatnet, fram til kommunalt separatsystem. Kommunen vil i desse tilfella berre sette krav om at takvatnet vert fråkopla avlaupsleidinga og at vatnet vert teke hand om på eige tomt.

Fråkoplinga skal dokumenterast ved utfylling av skjema som må sendast til kommunen. Det er viktig å føre vatnet vekk frå grunnmur for å unngå fuktskader. Grunneigar er også ansvarleg for at vatnet ikkje skapar ulemper for naboatomter. Kommunen gjer merksam på at jordsmonnet i Meland kommune generelt sett er dårleg eigna til infiltrasjon fordi det som regel består av tetter massar.

**Kommunen vil difor sterkt anbefale flest mogleg å kople takvatnet inn på den nye kommunale overvassleidinga.**